

Kommunane i Helse Fonna-området

Haugesund, 12.02.2021

**Stillingsbank for allmennlegar i spesialisering - ALIS**

Ny forskrift om spesialistutdanning av legar er gjeldande frå 01.03.2017. Av denne framgår:

*§4 De regionale helseforetakene**...skal også legge til rette for at leger i spesialisering i allmennmedisin, kan få nødvendig praktisk tjeneste i spesialisthelsetjenesten.**§5 Kommunen**...har for spesialistutdanningen i allmennmedisin ansvar for å legge til rette for utdanningen av spesialister. Dette innebærer blant annet å bidra til**b) helhetlige utdanningsløp på tvers av kommuner, private aktører, andre aktuelle aktører og læringsarenaer i spesialisthelsetjenesten.*

Vidare framgår det av Helsedirektoratet sin anbefalte utdanningsplan for spesialisering i allmennmedisin:

*For å oppnå kompetanse i samhandling og selektert pasientpopulasjon anbefales minimum 6 måneder (eller 3 pluss 3) i godkjent utdanningsvirksomhet innen kliniske spesialiteter, og/eller i større kommunale helseinstitusjoner som har ansatt spesialist i allmennmedisin i full stilling, kan tilby individuell veiledning og supervisjon på nivå med godkjente utdanningsvirksomheter og har organisert internundervisning. LIS må delta i vaktordning der dette finnes.*

Dette er ei vidareføring av tidlegare krav om sjukehussteneste for spesialisering i allmennmedisin, men kravet er redusert frå 12 til 6 månader teneste.

For å ivareta krav og anbefalingar, samt tenesteavtale 7 (jf. pkt.5.3.2) om felles ansvar for utdanning, har Helse Fonna inngått avtale med kommunane i Helse Fonna-området, om å legge til rette for sjukehusdelen av spesialistutdanninga i allmennmedisin. Til grunn for avtalen ligg utarbeidd modell vedteken av fagdirektørmøte i Helse Vest. Det framgår av denne at ALIS skal tenestegjere i samarbeidsforetaket i minimum 6 månader og det skal leggjast til rette for dette ved bruk av planlagde permisjonar.

Det vert arbeidd regionalt med oppretting av ei koordinering av ALIS sitt behov for sjukehussteneste og sjukehusa sin bruk av aktuelle vikarstillinger. Dette er planlagt i eit samarbeid mellom Regionalt utdanningsssenter (RegUt) og ALIS-kontoret i region Vest. Dette arbeidet er påbegynt, men det føreligg pr. i dag ingen regional løysing.

Modellen er foreløpig tenkt slik:

- Kommunane melder inn legar med behov for teneste, inkl.

**Helse Fonna**P.Boks: 2170  
Haugesund.  
5504 Haugesund  
00  
Foret.nr: 983 974 694  
00  
Bank. 3201.15.00241  
00**Kontaktinfo:**Sentralbord: 52 73 20 00  
Telefaks: 52 73 20 02  
post@helse-fonna.no  
www.helse-fonna.no**Fakturaadresse:**Helse Fonna HF  
Tlf: 52 73 20 00  
Regnskap, P.Boks 64  
5751 ODDA  
Tlf: 52 73 20 00**Besøksadresser:**Haugesund: Karmsundsgt. 120, 5528  
Stord: Tysevegen 64, 5416 Stord. Tlf: 53 49 10  
Odda: Sjukehusvg. 1, 5750 Odda. Tlf: 53 65 10  
Valen: Sjukehusvg. 26, 5451 Valen. Tlf: 53 46 64

- ønske om sjukehus
- ønske om spesialitet
- ønske om tidsrom
- Sjukehusa melder inn ledige stillingar for ALIS i planlagde permisjonar

Helse Fonna får fortløpande henvendingar frå legar og kommunar med behov for sjukehuseneste for spesialisering i allmenntidmedisin. Me har derfor bestemt oss for, i påvente av den regionale løysinga, å lage ein (midlertidig) lokal stillingsbank. Her kan kommunane melde inn ALIS med behov for sjukehuseneste, og me vil prøve å finne aktuelle stillingar for desse. Helse Fonna vil også kunne melde inn til kommunane stillingar som er aktuelle for ALIS. Utdanningskoordinerande overlege i Helse Fonna vil inntil vidare vera bindeleddet mellom kommunane og sjukehusavdelingane. Nøkkelen for å få dette til å fungere vil vera god planlegging i god tid.

For å kunne iverksetje dette treng me ein person som kontaktpunkt ute i kommunane. Me bed om at denne blir meldt tilbake til oss ved utdanningskoordinerande overlege, [andreas.andreassen@helse-fonna.no](mailto:andreas.andreassen@helse-fonna.no).

På førehand takk for samarbeidet!

Med helsing

Andreas Andreassen  
Utdanningskoordinerande overlege  
Helse Fonna HF

---

**Helse Fonna**

P.Boks: 2170  
Haugesund.  
5504 Haugesund  
00  
Foret.nr: 983 974 694  
00  
Bank. 3201.15.00241  
00

**Kontaktinfo:**

Sentralbord: 52 73 20 00  
Telefaks: 52 73 20 02  
post@helse-fonna.no  
www.helse-fonna.no

**Fakturaadresse:**

Helse Fonna HF  
Tlf: 52 73 20 00  
Regnskap, P.Boks 64  
5751 ODDA  
Tlf: 52 73 20 00

**Besøksadresser:**

Haugesund: Karmsundsgt. 120, 5528  
Stord: Tysevegen 64, 5416 Stord. Tlf: 53 49 10  
Odda: Sjukehusvg. 1, 5750 Odda. Tlf: 53 65 10  
Valen: Sjukehusvg. 26, 5451 Valen. Tlf: 53 46 64